



Flaum og vassdragsmiljø i eit endra klima - innovative metodar for restaurering og betre miljøtilstand

Klimaendringar og auka krav til bevaring og forbetring av miljøtilstand i vassdrag, medfører trong for å vurdere eksisterande metodar for flaumsikring og miljøtiltak.

Dette FoU-prosjektet skal framskaffe metodar som ivaretek både betre flaumsikring og betre miljøtilstand i vassdrag. Ifire case-vassdragskal det utviklast scenario for flaumsikring og miljøeffektar. Det vert lagt vekt på å integrere aktuell norsk og internasjonal kunnskap i scenarioene. Arbeidet skal gi eit grunnlag for vurdering av liknande problemstillingar i andre elvar.

Organisering: Prosjektet er eit FoU-prosjekt finansiert av NVE, med bidrag frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Arbeidet vert gjennomført av Uni Research Miljø LFI og BOKU Wien (IWHW).

Framdrift og leveransar: Prosjektet startar opp i 2017 og vert sluttrapportert i 2021. Det vert halde årlige seminar med presentasjon av mellomresultata. I 2019 vert første resultat og scenarioer for case-vassdraga presentert.

Bakgrunn og målsetting: Auka nedbørsmengder har ført til store flaumar som har forårsaket omfattande skader – ikkje minst på Vestlandet. Trongen for vurdering av metode for flaumsikring er aukande, noko som samstundes kan innebære risiko for vassdragsmiljøet. Kanalisering, plastring, magasinering og fråføring av vatn kan redusere miljøkvalitetar, til dømes kantsoner, våtmark og fiskebestandar. Vassforskrifta og naturmangfaldlova krev imidlertid at vassdrag skal få betre miljøtilstand framover. For å få dette til trengs det metodar som både reduserar fare for flaumskader OG betrar miljøtilstanden. Å utvikle og samanstille desse metodane er målet med FoU-prosjektet.

Framgangsmåte: I ramma av prosjektet skal miljøeffekt av tidligare flaumsikringstiltak dokumenterast. Det vert fokusert på habitatforhold i vassdrag, våtmark og myr, saman med botndyr og fisk i vassdrag. Det skal samlast inn data frå litteratur og frå case-vassdraga (Nausta i Naustdal kommune, Flåmselva, Aurlandselva i Aurland kommune og Storelva i Gulen kommune). På dette grunnlaget vil det vere mogleg å predikere effekt av forskjellige flaumsikringsmetodar. Hydrauliske og hydrologiske eigenskapar av flaumar og flaumsikringstiltak vert simulert i datamodellar. Det vert laga scenarioer for forskjellige flaumsikringsløyser, inkludert forventa miljøeffekt og flaumsikringseffekt. På dette grunnlaget vil det vere mogleg å samanlikne forskjellige metodar, men og utvikle nye flaumsikringsmetodar og vurdere metodar som er nytta i andre land.

Samarbeid lokalt: Det er ynskje om eit tett samarbeid med kommunar, regulanter, interessegrupper og lokale initiativ knytt til vassdrag. Innspel ved utvikling av scenarioer er velkomne. Samarbeidet skal organiserast via prosjektleiarane i vassområde i dei enkelte case-vassdraga.

Kontakt: Organisasjonisk prosjektleiing, Siss-May Edvardsen (NVE), sme@nve.no

Faglig prosjektleiing, Ulrich Pulg (Uni Research Miljø LFI), ulrich.pulg@uni.no



Norges
vassdrags- og
energidirektorat



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Program Seminar «Flaum og Miljø»

Naustdal Kyrkjelydshus 23.4. 2018, Fokusvassdrag: Nausta

Mål med seminaret:

- Informasjon om forskingsprosjektet «Flaum og vassdragsmiljø i eit endra klima – innovative metodar for restaurering og betre miljøtilstand» for allmenheten
- Samle innspill for å lage løsningsscenarier som skal utarbeides i prosjektet

Program

19:30 Velkommen

Prosjektet Flaum og Miljø fra et forvaltningsperspektiv. Bakgrunn. NVE, Fylkeskommune, Fylkesmannen

19:45 Flaum og vassdragsmiljø i et endret klima – innovative metoder for restaurering og bedre miljøtilstand
Informasjon, status og veien videre. Ulrich Pulg, Uni Research

Pause

20:30 Workshop: Hva er utfordringene med flom i Nausta? Hva skal en flomsikring føre til? Forslag til flomsikringsløsninger.
Diskusjon, sammendrag og forslag til scenarier som skal inngå i prosjektet. Her har alle lov å komme med sine forslag!

Ca. 22:00 Avslutning